

Kyrkjeklokka

Nr 3 - 2018

Kyrkjeblad for Hornindal, Innvik og Stryn prestegjeld

82. årgang

Strynespeidarar
på Futura 2018

Livet er godt
på barneleir på
Nesholmen

950 år med
bispesete i
Björgvin
Storstilt feiring
på Selja 8. juli

Johnny Cash
konsert i Olden
gamle kyrkje!



Foto frå Flo og Oppstrynsvatnet september 2018 av Anne Petra Breidablik Folven

Jesus, styr du mine tankar

av Elen Andersdatter Opdal Bernhoft rundt år 1700

Dette er en kjent salme skrevet av prestefruen Elen Andersdatter Opdal rundt år 1700. Både Landstads reviderte salmebok (LR) og Norsk Salmebok (NoS) oppgir Elen Opdal Bernhoft som opphavskvinne for denne salmen. Jesus styr du mine tanker har kun en strofe og det er ikke kjent flere salmer med samme forfatter. Salmen Jesus, styr du mine tanker er oversatt til nynorsk av Bernt Støylen i 1906. Melodien er skrevet av J. A. Freytingshausen i 1704, men salmen kan også synges til folketonen Overmåte fullt av nåde (NoS 269).

Salmen er mettet med innhold og trøst. Den synges like gjerne av barn som avslutning på skoledagen som på

gravlunden når vi tar farvel med en av våre kjære. For mange er salmen en sentral del av barnelærdommen. Den ble pugget og lært utenat og siden har den stått som spikret.

Det er ikke vanskelig å skjønne at Landstad ble begeistret for denne lille strofen. Det er en bønn til Gud om at jeg må få leve ham til ære med mitt liv. Jeg vet ikke når det en gang blir slutt. Men når livet går mot sin ende, er det fremdeles min bønn at jeg må få dø i Jesu navn. Da er jeg trygg selv om bårene måtte slå hardt mot livsbåten eller livskvelden skulle bli tung og mørk.

Vi vet i dag en god del om Elen Andersdatter Opdal Bernhoft. Lars Aanestad har

skrevet om henne i Norsk Sang og Musikk (1962) og hun er også nevnt i Lundes sang- og salmeleksikon (1997). Salmen er kommentert både hos H. Blom Svendsen (1935) og hos Harald Steene Dehlin (1960). Elen Opdal Bernhoft ble født i Oppdal i Sør-Trøndelag i 1637 og døde i København i 1704. Hennes far var Anders Roaldsen Blich som var født 1609. Han kom fra Ytterøy i Levanger. Moren het Lucie Eriksdatter Blix, født i Oppdal i 1610. Elen Andersdatter Opdal ble gift i Oppdal i 1660 med presten Hans Andersson Bernhoft, født i 1634. De fikk to sønner sammen, Anders (født 1663) og Hans (født 1665). Begge sønnene ble prester og salmeforfattere.



Jesus, styr du mine tankar,
 Jesus, lei meg med di hand,
 så kvar eg i verda vankar,
 eit Guds barn eg vera kan,
 så kvar stund du meg vil gjeva,
 eg kan kvila i din famn!
 Lat meg Gud til ære leva,
 og så døy i Jesu namn.

Kari - Anne T Haveland: Fjellgudsteneste på Utvikfjellet

Kvar år vert det arrangert gudsteneste i Fjellstova på Svoda. I år var det Utvik sokneråd som stod som arrangør for denne gudstenesta 5. august.

Mange hadde tatt turen til Utvikfjellet denne dagen, både frå bygdene i Stryn og frå bygdene i Gloppen. Harald Runde var prest, og Galya Radeva deltok med flott pianospel. Etter gudstenesta var det sal av kaker og kaffi, som Utvik sokneråd hadde laga til. Det vart ein koseleg dag. Kjekt å samlast frå ulike bygder til felles gudsteneste.



Kari - Anne T Haveland: Støylsmesse på Verlostøylen i Utvik

26. august var det støylsmesse på Verlostøylen i Utvik. Til tross for litt grått veir og regn i lufta, hadde mange tatt turen til støyls denne dagen. Henny Koppen var prest, og spelte både gitar og tussefløyte under gudstenesta. Stryn sin nye kyrkjevevje, Kari Synnøve Muri, var også tilstades og vart presentert for kyrkjelyden.

Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi. Grenda Verlo serverte både kaffi, lefse og kaker. I tillegg hadde mange tatt med seg nistepakke. Det var fyr i vedovnane i sela, så dei som ville kunne trekke i hus, varme seg innandørs og slå av ein prat. Det vart ein koseleg dag, med ei fin ramme rundt, i Guds frie natur.





38 strynespeidarar på Futura 2018

Kvart fjerde år arrangerer Norges KFUK-KFUM-speidarar landsleir, og i år var leiren lagt til Lånke i Trøndelag. Nærare 5000 deltakarar var samla, til ein leir med framtidsperspektiv.

Tema for leiren var Futura, og gjennom programmet skulle speidarane bli litt betre rusta til å møte framtida. Ein dag var sett av til teknologi. Forsking og utprøving skjedde i patruljane. Ein annan dag prøvde vi ut framtidsmat, vegetarkost og rista insekt sto på menyen. Haiken, derimot, føregjekk på gamlemåten, med tur i terrenget til fots og overnatting under open himmel.

Marknadsdagen, med innsamling til skulegong og aktivitetar for born og unge i Sør-Sudan, hadde og kjent innhald. Her vart det tivoli, med gruppene sine egne aktivitetar, og Globallop, der ein kunne sponse dei som sprang.

Kvar dag var leirprest Mario Liavåg på scena og sette dagens tema i samheng med Guds plan og vilje for oss og for jorda vår.

Speidarleir er arbeid og lek, alvor og moro, underhaldning og eigenaktivitet. Vi får tru alle som deltok fekk med seg nyttig lærdom, tryggleik på eiga rolle og tru på framtida.



(Boys in blue) Glade gutar på haik



Sofia og Fredrik lagar middag



Gutta kan også dette med å lage mat



Godt å få kyndig hjelp når skrubbsåra dukkar opp



Ei av speidargruppene frå Stryn; Maur Emma, June og Elisabeth sytte for at leiren glei godt



Kontortider - telefon - e-post

Måndag er sokneprestane sin fridag.

Stryn kyrkjekontor

Postadresse: Tonningsgata 4
Besøksadresse: Rognehaugen 11
E-postadresse: kyrkja@stryn.kommune.no
Heimeside: www.stryn.kyrkja.no

Hornindal prestekontor

Tlf 57 87 98 33
Mobil 930 01 473
Sokneprest Hege Høybye
sokneprest@hornindal.kommune.no

Kyrkjeklokka

Web: www.kyrkjeklokka.no

Bladet vert sendt til alle husstandar i Hornindal og Stryn kommunar

Stryn kommune

Kyrkjeverje Kari Synnøve Muri
Tlf 57 87 61 84
Mobil 913 27 882
kari.muri@stryn.kommune.no
57 87 61 80 Telefonsentral
57 87 61 81 Sekretær Margrete Lillestøl
57 87 61 81 Sekretær Anne L. Honningsvåg

Hornindal kommune

Kyrkjeverje Anne Lødemel Honningsvåg
Tlf 57 87 98 34
Mobil 970 84 120
Måndag og torsdag kl. 09 - 13
anne.honningsvag@hornindal.kommune.no

Redaktør for dette nummeret er:

Knut Sigurd Gald
post@kyrkjeklokka.no

Forretningsfører abonnement/adresseendring:

John Selmer Skiftesvik
6788 Olden. Tlf 990 28 076
john.skiftesvik@eninvest.net

Bankgiro 0538 18 51054
Bankgiro 3795 30 05108
Kontingenten er frivillig.
Vi takkar for betaling og støtte.

Innvik prestekontor

Mobil 911 84 241
Sokneprest Harald Runde
Tysdag, torsdag og fredag kl 10 - 12
runde.harald@gmail.com

Stryn prestekontor

Tlf 57 87 61 85
Mobil 948 32 875/916 01 630
Sokneprest Henny Koppen
henny.koppen@stryn.kommune.no

Trusopplæring

57 87 61 82 Trusopplærar
Guro Petronella Enerhaug
guro.enerhaug@stryn.kommune.no

57 87 61 83 Kateket
Beate Nes
beate.nes@stryn.kommune.no

57 87 61 80 kyrkjelydspedagog
Martine Bø Solbakken
martine.bo.solbakken@stryn.kommune.no



Nytt frå kyrkjeverje

Anne og Kari Synnøve

Kyrkjegardane

I denne spalta vil vi gje informasjon om rutiner og reglar for kyrkjegardane, og gje gode råd til dei som har ansvar for stell av graver. Det vil vere både generell informasjon og rettleiing i stell i høve dei ulike årstidene.

Det går mot haust, og det vil og prege aktiviteten på kyrkjegardane våre framover. Rundt 1. oktober vil vatnet bli kobla frå på alle utandørs kraner for å unngå frostskaider. Samstundes blir benkar, vatningskanner og anna utstyr fjerna for innandørs

lagring.

Pynt på gravene; generelt er det viktig at lykter, vasar og pyntegjenstandar på gravene blir plassert godt innanfor kanten på plantefeltet på grava. Før hauststormane set inn, bør ein fjerne alt som ikkje er tungt eller fast nok til at det toler ver og vind utover hausten og vinteren.

Vi gjer merksam på at det er bandtvang på kyrkjegardane, og minner om bruk av hundepose. Har du noko du ynskjer at vi skal ta opp i denne spalten, så ber vi

deg kontakte oss på telefon eller e-post. Kontaktinfo finn du øvst på denne sida.

*Helsing kyrkjeverjene
Kari Synnøve (Stryn) og
Anne (Hornindal)*





Av Henny Koppen

Tankar langs vegen...



Tankar mellom stein og strå til fots i fjellet

Sommarferien min vart avslutta i Tafjordfjella, fottur frå hytte til hytte saman med ei god venninne. I fire dagar hadde vi ikkje dekning på telefonen, vi hadde stort sett berre kvarandre, på dagtid i alle fall, og vi hadde lange strekningar å gå, nokre meir strabasiøse enn andre.

Under slike forhold er det tid for tanken. Og det er tid for samtalen. Eit tema vi hadde for oss, var problemet ved å konvertere frå Islam til Kristendom, sjølv for menneske som er busette her i Norge, her vi har lovfesta trusfridom. Eit slikt skifte blir gjerne ikkje forstått av andre muslimar, og mobbing og trakassering fylgjer i farvatnet. Det er vanskeleg å få bukt med dette, for slik mange muslimar tenker, er det ikkje tillate å skifte religion. Dette synspunktet er råd å forstå, men at det skal gi rett til å plage den som har gjort det, er ikkje forståeleg. Temaet er stort, og problemet vart ikkje løyst der på fjellet, men det førte med seg refleksjonar kring vår eigen religion. Kor heldige vi er, som har vakse opp med bibelforteljingane om Jesus som gjekk om kring og gjorde godt. Tenk at det var dette vi vart fora med som born, læra om ein kjærleg Gud som ikkje er hemngjerrig, som ikkje straffar oss for våre feilsteg. Kjærleik, tilgjeving og nåde, slik vart barnelærdommen oppsummert, ein religion som skaper fred.

Så kan det seiast mykje om ufred mellom kristne, og vi har også litt å gå på når det gjeld toleranse for annleis truande. I Bibelen ser det ut til at vi kan finne belegg for det vi vil, og bruke det mot kvarandre. Men i «klårsynet» der på fjellet såg vi det slik: *Kristendommen er*

kjærleiken sin religion, og kjærleiksbodet er målestokken for alle andre bod: «Du skal elske Gud, og du skal elske nesten din, som deg sjølv». Det er ikkje rom for mobbing og trakassering i desse orda. Det er rom for å ta vare på kvarandre og vere vennlege, inkluderande og romslege.

Det Norske Misjonsselskap
(NMS) har kvar haust misjonsmesse i
Betania på Eid.

Her er det muleg å få kjøpt heimelaga matvarer og handarbeid, ta lodd på fine gevinstar og kose seg med ein kopp kaffe og god mat. Og ikkje minst kan du lytte til god forkyning på bibeltimen.

Misjonsfesten laurdag ettermiddag er høgdepunktet.

**Misjonsselskapet
med haustmesse
laurdag 3.nov. på Betania, Nordfordeid.**

Program:
kl 10: Messa opnar
kl 12: Bibeltime v/prost Rolf Schanke Eikum
kl 15: Misjonsfest med song av Eid barnekor
og andre musikkinnslag
Festtale v/Toril Lange
Beverting

Velkomne til ein triveleg dag der du støttar misjonen!
Arr: Nordfjord område av Det Norske Misjonsselskap (NMS)

Livet er godt på barneleir på Nesholmen

av Beate Nes

Første veka av sommarferien var 150 born frå Sogn og Fjordane på barneleir på Nesholmen i Hyen. Og mange av desse borna var frå indre Nordfjord. Særlig på fyrste leiren, for dei i 1-4. klasse, var det mange av våre med. Ikkje så rart kanskje sidan det i år var leiarar frå Stryn som hadde ansvar.

Leir på Nesholmen er kjekt kan du tru! Padling, snikkarverkstad, fysikkmoro, førstehjelp, ballspel/leik og formingsaktivitetar var berre nokke av det dei fekk vere med på. I tillegg var det underholdningskveld, leik,

leirbål, matfellesskap, bibeløype, gudsteneste og mykje meir.

Høyrast det kjekt ut! Det blir

ny barneleir neste sommar. Velkomen til å bli med, både som barn og som leiar!



Heile gjengen på flaggheis



Bibelvandring Noas Ark. Dans og såpebobler som feiring for at det slutta regne



Aktivitet: Førstehjelp - Sårstell



Jonsokfeiring med jonsokbrudepar og bål

950 år med bispesete i Bjørgvin Storstilt feiring på Selja 8. juli

- av Henny Koppen - foto Jarle Hessevik



Nordsidarar på kyrkjeveg, i skaut, stakk og kvitskjorte

Dronninga var der, som ho var ved 900-årsjubileet for femti år sidan. Då var ho rett nok ikkje dronning, ikkje kronprinsesse ein gong, men ho var forlova med kronprinsen og ute på sitt fyrste, offisielle oppdrag. Denne gongen stilte ho i vakker Telemarksbunad og las den eine teksten under gudstenesta. Etter gudstenesta skifta ho antrekk,

og vart med på ein tur opp i Sunnivahellaren. Ho er 81 år gammal, men gjekk med lette steg opp den bratte stien. Vel tilbake på kaia, sto ho for opninga av Kystpilegrimsleia, saman med riksantikvaren, Jørn Holme. Kystpilegrimsleia strekker seg frå Egersund til Nidaros og er blitt ein del av Europeiske kulturveggar.

Så langt dronninga. For det var mange andre aktørar i sving for å gjere dette jubileet til ein storstilt fest. Bergen domkor var på plass, og saman med eit samansett og dyktig brassorkester sytte dei for solid og vakker musikk under gudstenesta. Liturg Eli Johanne Rønnekleiv, som er sokneprest i Selje, gjorde og sitt til å skape flott musikk. Vår biskop, Halvor



Dronning Sonja var ein av tekstlesarane



Biskop Hallvard Nordhaug heldt preika

Nordhaug heldt preika, og han talte over teksten om Peters fiskefangst. Han heldt fram at det har vore fiska menneske i alle desse 950 åra, og at det framleis skjer. Dei andre biskopane medverka og under gudstenesta, og under nattverden også fleire av dei lokale prestane.

Heile 19 geistlege stilte i preste – eller bispeklede, og det var eit fargerikt syn som møtte forsamlinga då prosesjonen vandra inn

i gudstenesterommet. Heile fire biskopar frå Den norske kyrkja deltok, og i tillegg biskop Bernt Eidsvig frå den katolske kyrkja og Fader Johannes frå den ortodokse. Medlemmer frå mange kyrkjesamfunn var elles representerte i kyrkjelyden, slik det sjølv sagt skal vere på ei økumenisk gudsteneste.

Det var god deltaking frå Indre Nordfjord i år. Størst merksemd fekk nok dei som

rodde kyrkjebåten frå Nordsida. Desse var kledde i kledrakter frå nokre tiår tilbake i tid, og viste godt att, både på sjøen og i kyrkjelyden. Frå Stryn gjekk det buss denne dagen, oppslutninga om denne vart ikkje så stor som ein hadde håpa, men 20 menneske frå Stryn og 3 frå Eid nytta seg av tilbodet. Heimvegen gjekk om «Pollane», og her var det mange som hadde røter og dermed mykje å fortelje.



Ortodokse munkar ser på at Kongeskipet ankrar opp



Bergen Domkor, saman med eit prosjektkor og blåsegruppe var forsongarar og "orgel"



Roarar frå kyrkjebåten og kyrkjefolk frå Nordsida



Prosesjon med kateketar, prestar, prostar og biskopar

Friluftsgudsteneste midt i Stryn sentrum

- av Henny Koppen - foto Rolf Knutsen

Når vi arrangerer gudstenester i det fri, er det gjerne på særtrane det skjer, på stader der det krev ein ekstra innsats å kome fram. Men med gudsteneste midt i bygda skjer det motsette. Då er det tvert om veldig lett vint å kome seg på plass. Og når Nedstryn kyrkjelyd arrangerte gudsteneste på Per Bolstads plass kom kyrkjelyden gåande til fots, eller dei kom i rullestol eller med gästolen sin. Dåpsbarnet kom i vogna si, trillande over gamlebrua frå Bruagrenda, og også frå bakkane kring sentrum kom folk til fots.

Nærare 150 menneske benka seg i stolane som var sett fram, og mange fleire sto eller sat i området rundt og lytta i kortare eller lenger tid. Turistbussar stoppa for ein handel, og på kafeane rundt plassen sat gjester med kaffikoppen sin. Det kjendest heilt rett å feire gudsteneste midt i livet, midt i folkemylderet.

Det skulle mange menneske til for å arrangere gudsteneste i det fri. Medlemmer av soknerådet frakta på plass stolar og benker, ordna med alterbord og alterpynt, og prosesjonskross og nattverdsutstyr vart henta frå kyrkja. Ei stor forsongargruppe stilte til øving ein time før gudstenesta, og fem speidarar i nystrøkne speidarskjorter kom

for å gå gjennom sine oppgåver; å dekke alteret, leie inngongsbøna og assistere ved dåp og nattverd.

Organist og tekniskar kom med instrument, mikrofonar og høgtalarar, og då klokka var 1100 var alt klart. Ei improvisert klokke sende klang ut over bygda, og speidarar og dåpsfylgje stilte opp til prosesjon.

Gudstenesta var ein tilpassa versjon av gategudstenester som blir arrangert i Oslo. Forbøna kom i starten, med Kyrieropet som kyrkjelydssvar. Nattverdliturgien var forkorta, og sjølv nattverden skjedde nede på plassen, ved intinksjon. Men vi

brukte dåpsliturgien heilt ut, og dåpsbarnet Andrea sov under heile seremonien. Laila Thastum Sunde framførte vakkert: «Sov du lille, sov nu godt», som ein ekstra dåpssalme.

Gudsteneste på Per Bolstads plass er, så langt vi veit ikkje gjennomført før. Dette kom opp som eit forslag då vi diskuterte innhaldet i spørjeundersøkinga som skulle ut til innbyggjarane i Stryn sokn, - og det var tilsette på Farmhouse som tende på ideen. Oppslutninga om dei frivillege oppgåvene og tilstrøyminga til sjølv gudstenesta tilseier at dette kjem til å skjje igjen.



Speidarane, sokneprest Henny Koppen og organist Oddvar Bergset fekk plass på trappa framfor det gamle kommunehuset i Stryn sentrum



Kyrkjelyden benka seg på oppsette stolar og benker som var henta inn til denne friluftsgudstenesta

Johnny Cash konsert i Olden gamle kyrkje!

av Møyfrid Sømme Kvamme

I mange år har det vore tradisjon at Olden sokneråd arrangerer konsert i Olden gamle kyrkje, på Oldendagane den fyrste helga i juli. Søndag 1. juli på formiddagen byrja folk å strøyme til kyrkja, og det var godt 100 samla

denne fine sommardagen, for å høyre Johnny Cash sine sanger framført av Sindre Løvik og gruppa JC-Band. Det var god stemning i kyrkja, og tydeleg at folk likte det dei høyrde. Sjølv om Johnny Cash er død, lever

han vidare gjennom songane sine. Sindre Løvik og JC-Band klarte på ein framifrå måte å formidle songane vidare til oss, på ein nesten identisk måte. Takk for ein flott konsert!



Sindre Løvik og JC-Band

Aasmund Olavson Vinje (1818 – 1872)

av Ragnhild Kvåle Lødøen



- Nasjonalitet Norsk
- Fødd 6. april 1818 Vinje i Telemark
- Død 30. juli 1870 (52 år) Gran i Oppland
- Yrke Forfattar, journalist, lærar, jurist og språk pioner
- Opplysningar: Store Norske Leksikon

ren, og særleg elska han fjellet. Han skreiv mange vakre dikt frå turane sine. I «Ferdaminni» fortel han frå ei ferd til Trondheim for å sjå kroninga av Karl IV i 1860. Han gjekk det meste av turen til fots. «Her er så vent, det kan meg grøta, for det om eg er vaksen kar», skriv han om Drivdalen. Om Rondane skriv han: «No ser eg atter slike fjell og dalar, som dei eg i min første ungdom såg».

I år fekk vi oppleve ein fantastisk vår. Og mange har vel tenkt som Vinje: «Enno ein gong fekk eg vetren å sjå for våren og røma; heggen og tre som der blommar er på, eg atter såg bløma». Med tone av Grieg er «Våren» eit mektig verk. Vemodet kjem til uttrykk: «All ting må trjota». Og i siste verset: «Difor eg fann mellom bjørker og bar i våren ei gåta; difor det ljod i den fløyta eg skar, meg tyktes å gråta». «Våren» blir gjerne brukt i gravferder. Vinje sa sjølv at den siktar aldri djupt som berre ser på glede.

Ein reknar at Vinje har skrivne over 2000 prosadikt og songar, og han er omsett til 11 språk. Det er mykje å få med seg. Ein må berre sjå bort frå kjønnsrollene som rådde på den tid dette vart skrivne. Les dikta og syng songane i lyd og lag! Slik heidrar vi Åsmund Olavson Vinje best. I Vinje vil dei i jubileumsåret starte bygginga av eit Vinjesenter like ved barndomsheimen, på andre sida av riksvegen, ved samfunnshuset og skulen. Det vil vere verdt eit besøk!

I år er det 200 år sidan diktaren og journalisten Aasmund Olavson Vinje vart fødd. Han vart fødd 6. april 1818 i Vinje i Telemark. Kjem du frå Vestlandet over Haukeli, vil du sjå «Vinjestoga» på venstre side av E134, like før du kjem til Vinje Kyrkje. Der vaks Vinje opp.

Noko av det første vi gjorde då vi kom til Telemark i 1960, var å få omvising i denne fattigslege stova. Ikkje visste vi då at vi kom til å bli i Vinje i heile atten år.

Far til Aasmund, Olav, rydja småbruket «Plassen». Han leigde jorda, men hadde ikkje pliktarbeid, så vanleg husmann var han ikkje. Mora døydde då Aasmund var ti år. Men han hadde ei søster som var fire år eldre, og borna tok del i gardsarbeidet og vart m.a. sett til å gjete.

Aasmund hadde gode evner, «makalaus» vart det sagt om han. Han tok seminaret, praktiserte som lærar og las mykje på eiga hand. Slik lærde han seg tysk, fransk, latin og gresk. Seinare tok han artium på «Heltbergs studentfabrikk», der han mellom andre hadde Bjørnson og Ibsen som studiekameratar. Han tok også juridisk embetseksamen. Heile tida skreiv han, m.a. som korrespondent for «Drammens Tidende». I 1858 starta han «Dølen», den første avisa på nynorsk. Femti år gamal gifte han seg, men kona døydde i barselseng året etter. Sjølv vart han sjuk og døydde av magekreft året etter det. Då var han hos venen, presten på Gran på Hadeland.

Vinje er kjend som språkmannen, som gjorde nynorsken til eit allsidig bruksmål frå starten av. Prosatekstane hans kunne vere kvasse, han såg på samtida med eit skarpt blick. Han hadde dette «tvisynet», såg «retta og vranga på livsens veg» og hadde meiningar om alt og alle. Slik kunne han og møte mykje motstand.

I dikta er han mildare, syner si «mjuke hjarterot». Born har

sovna trygt til «Blåmann, Blåmann, bukken min». Mange born har og spurt: «Korleis gjekk det med bukken? Kom han heimatt?» Borna vil ha svar. Vinje makta å skape undring.

«Den dag kjem aldri at eg deg gløymer» er rekna som eit av våre vakraste kjærleiksdikt. Diktet er frå samlinga «Storegut» som kom ut i 1866. «Storegut» byggjer på ei sann historie om ein kjempekar som levde på 1700-talet, men Vinje diktar attåt. Dette diktet er lagt i munnen på ei ung jente: «Og natt og dag er du like nær, men best eg ser deg når mørkt det er».

«Tytebæret oppå tuva» vart trykt i «Dølen» i 1858 og er ein av dei mest brukte songane av Vinje. Der er nestekjærleiken så fint uttrykt: «Mognar du, så vil du beda, just den same bøn som eg. Mogen mann det mest må gleda, bort for folk å gjeva seg».

«Kunnskap skal styra rike og land» kunne ein kanskje ha nytta og lytta meir til. Vi tek vel ikkje alltid på alvor det kunnskap og forskning i dag seier om den globale krisa verda står overfor. Og vi kan undre oss over kva han meiner med siste strofa: «Og den som av Gud fekk sitt adelsbrev, han treng ikkje kongens stempel».

Diktet «Faren til den heimanfarande sonen» (1861), hadde opphavelg 25 vers. I songbøkene er som regel 10 vers tekne med. «Så må du då, min beste gut, frå oss i verdi draga ut!» Den unge blir oppmoda til gudstru, toleranse og nestekjærleik. Eg hugsar mor mi ofte siterte siste verset for oss borna: «Kom Gud i hug! Døm andre mildt! Og tal om nesten sjeldan ilt! På mindre mann hogg aldri hel! Bruk tidi vel! Og du vil døy og leva sæll!» Eg hugsar vi diskuterte om sjeldan var det rette ordet her, eller om aldri skulle ha vore brukt. Vi kom til at Vinje hadde rett...

Diktaren var svært glad i natu-

Heilt førsteklases og seksårsbok

av Martine Bø Solbakken

Første- klases

«Du er førsteklases,- skapt av Gud og unik» var budskapet til førsteklasingane som tok del i den heilt spesielle gudstenesta veka før skulestart. Den raude løparen var rulla ut, og ballongar både ute og inne vitna om at «Her er det fest!» Førsteklassingane fekk stjerne rundt halsen og blei møtte med smilande ansikt av trusopplærarane på veg opp den raude løparen, med skulesekken på ryggen. Ekstra stas var det nok at det blei tent «fyrværkeri» i starten av gudstenesta for å ønske dei spente skuleborna ekstra velkommen til gudsteneste.

Gjennom song, forteljing og forbøn fekk både borna og dei vaksne moglegheit til å erfare at Gud er nær når ein skal inn i noko nytt og ukjent og når ein skal oppleve noko for første gong. Mot slutten av gudstenesta fekk førsteklasingane kome fram og få seksårsboka som dei fekk putte rett i skulesekken sin. Som ei påminning om at Jesus er med oss alle dagar, også alle skuledagar, fekk førsteklasingane putte ein liten, fin stein ned i sekken som skulle få dei til å hugse på akkurat dette.

Førsteklassesgudstenestene vart i år arrangert i Nedstryn, Loen, Nordsida og på Prestestøylen i Innvik, men førsteklasingar frå alle kyrkjelydane i Stryn og Hornindal var inviterte til å ta del.

Vi ønsker spesielt alle førsteklasingar ein trygg og god skulestart!



Guro Petronella og Harald ønsker velkomen til ei førsteklases gudsteneste



Preike om sansane. Bartimeus var blind. Klarar vi finne ut ting utan å sjå? Kva for nokre sansar må vi bruke?



Alle 1. klassingar vart teke i mot med raude løpar og stjerne rundt halsen



Utdeling av bok til 1. klassingane

Mali - eit ørkenland i Vest-Afrika

Mali er eit ørkenland i Vest-Afrika med ein mangfaldig kulturell historie. Landet har sidan frigjeringa frå Frankrike i 1960 vore påverka av fleire interne krigar og indre politisk bråk. Tuaregopprøret i 2012 var starten på den siste urolege perioden med krigshandlingar og terror. Mali har en stolt historie som bl.a. viser seg i fargerike stoffar til kler og brukskunst samt ein særeigen musikalsk tradisjon. Næringslivet er hovudsakeleg jordbruksbasert og sårbart overfor tørke, grashoppesvermar og internasjonale handelsregimer. Mali er, som et av verdens fattigaste land, avhengig av bistand.

Kva gjer NMS her?

Folketalet i Mali rundar snart 20 millionar og inkluderer ca. 3 millionar fulanier. Berre eit par hundre av desse er kristne. Og nettopp dette var grunnen til at vi starta arbeid i landet i 1986. Vi vil nå ut med evangeliet om Jesus til fulanitalande menneske i Mali. Fulaniane er et

nomadefolk med ein sterk og stolt tradisjon som dei ønske å bære vidare. I møte med fulanitradisjonen har vi vald å formidle Jesu ord og gjerning på ein måte som ligg denne tradisjonen nær. Det viktige er at kjernen i evangeliet blir forstått av mottakar. Misjonærane brukar tid på å bygge relasjonar til enkeltpersonar for å skape tillit og respekt hjå heile familiar og større klanar.

Misjonærane i Mali utgjer eit arbeidsfellesskap som består av misjonærar frå sju organisasjonar og fem land, fire afrikanske i tillegg til Norge. Dette gjev både styrke og utfordringar. Utfordringane ligg i kulturelle og teologiske forskjellar mellom land og kyrkjelege tradisjonar. Styrken ved å jobbe i eit multikulturelt fellesskap er at man må senke personlege ambisjonar for å nå felles mål. Målet er å formidle på ein truverdig måte at det Jesus seier og gjer også er gyldig for fulanitalande menneske i Mali. Vår måte å arbeide på

gjenspeiler at vi alltid tek omsyn til alle sider av menneske sitt behov; ånd, sjel og kropp, eit heilt menneskesyn. I Mali er dette konkretisert i eit større arbeid innan landsbyutvikling der kampen mot omskjeringa av unge jenter har størst fokus.

Pga. uro har NMS trekt ut nesten alle norske misjonærar. Men NMS støtter 2 etiopiske, 2 beninske og 5 kamerunske misjonærar i Mali. I Kamerun har NMS drive misjon sidan 1925. Norsk Luthersk Misjonsamband starta misjon i Etiopia i 1948 og NMS i 1970. Den lutherske kyrkja, Mekane Yesus kyrkja har meir enn tusen millionar medlemmer og er ei av dei kyrkjene som veks raskast. Ein er ikkje avhengig av kvite norske misjonærar for å drive misjon. Men vi kan dele av vår økonomiske rikdom med dei som ikkje har same økonomiske resursar til å nå ut med evangeliet om Jesus!



Foto:
Illustrasjons-
foto

Når ei stemme endrar ei heil verd

Ei ung, omskjert kvinne føder sitt første barn. Det vert hennar verste mareritt.

Fødselen varer i to heile dagar utan framgang. No kjempar ho for at jenter i Mali skal sleppe å oppleve dette.

Grunna omskjering er fødselskanalen for trang. Kvinna vert evakuert til sjukehus og guten vert fødd ved keisarsnitt. Opplevinga er så skremmande at ho bestemmer seg for aldri meir å få barn.

Samlar kvinnene

Like etter høyrer ho eit radioprogram om helserisikoane ved omskjering. Ho ber om å få eit opptak på kassett, samlar kvinnene i landsbyen og trykker på play. Først vert dei redde og nektar å snakke om det. Etter kvart oppsøker dei henne med spørsmål. Ei rørsle veks fram. Kvinna får til og med overtydd dei eldste i landsbyen om farane ved omskjering.

– *Dette er ei stor kulturell endring, men det vil ta lang tid å utrydde den skadelege praksisen.*

Store ringverknader

Tre år etter fortel ho historia framfor landsbyen sin. Historia rører. Det modige steget hennar har snudd ein heil landsby. Og det stoppa ikkje der. Fleire nabolandsbyar og mange omskjerarar avsluttar verksemda. Dei har organisert seg i kampen mot den skadelege tradisjonen.

– Dette er ei stor kulturell endring, men det vil ta lang tid å utrydde den skadelege praksisen. Målet er at ingen skal måtte oppleve omskjering igjen, seier kvinna.

Tro trosser terror

- Hva vi gjør
- Gi en gave
- Bli med

- Da de farlige menneskene kom til byen sa de at de kom med sharia og sin muslimske tro. De lokale muslimene sa at de var kommet for å ta oss som fulgte Jesus-veien. Du må flykte, sa de. Men jeg hadde ingen steder å flykte til.

Tikka var en av få kristne som ikke flyktet da islamistene inntok byen hennes nord i Mali. Flere år tidligere, mens hun enda var muslim, begynte hun å hjelpe til med oversettelse av Bibelen til fulani. Etter hvert valgte hun å tro på Jesus og ble med på å lære norske misjonærer det samme språket.

– Jeg stod midt i folkemengden. Islamistene hadde fått nesten alle til å samle seg på det store åpne stedet foran landsbysjefens hus. Da spurte de høyt så alle kunne høre: «Er alle i Douenza muslimer?» Folk begynte å kikke seg rundt, og noen så på meg, for de visste at jeg var kristen. Det var et kritisk øyeblikk. Sekunder føltes som minutter. Jeg ble reddet av at den eldste sønnen til landsbysjefen ropte tilbake: «Alle kristne rømte før dere kom!» Ingen

andre sa noe.

– Islamistene oppdaget noen som drakk alkohol. De fengslet dem i en uke. Så samlet de folket i byen på en offentlig plass, bandt dem til et tre og straffet dem med hundre slag hver.

– Det var noen flere kristne i landsbyen som heller ikke hadde noen steder å rømme til. Vi fortsatte å samles, men til forskjellige tidspunkt, for at ingen skulle merke det. Vi gjemte biblene og sangbøkene under klærne på vei til og fra. Ingen tok med seg barna av frykt for å bli oppdaget. Barna skjønnte det var farlig og spurte hva som ville skje med dem hvis foreldrene deres ble drept. Foreldrene svarte: – Herren vil ta vare på dere.

– Etter at vi hadde besøkt noen kristne venner i en annen landsby ble bilen jeg satt i stoppet og kontrollert. Islamistene fant først noen bilder av menn og kvinner som satt i samme rom. De tok bildene, for de mente de var urene.

– Så fant de en av biblene våre. Jeg tenkte, nå er vi oppdaget, nå er det over. Islamisten så lenge

på boka, bladde i den og la den tilbake som om han ikke så hva det var. Så sa han kort at vi kunne dra videre med fred. Om han ikke visste hva det var eller om Gud gjorde mannen blind for hva det var, det vet jeg ikke. Jeg takker Gud for at vi ikke ble tatt.

Det har vært flere terrorhandlinger i de nordlige områdene av Mali de siste årene. Terrorhandlingene og islamistenes støtvide fremrykkinger kan skje hvor som helst. Nedslagsfeltet er utvidet, og håpet trues av bekymring og frykt. Utenlandske arbeidere må flyttes, og lokalbefolkningen kan kjenne seg alene og forlatt.

Tikka og de andre kristne nord i Mali trenger vår støtte, og de trenger den nå. De trenger noen som vet hvordan de har det. Derfor gir vi ikke opp! Derfor gjør vi alt vi kan for å holde kontakten og være til stede der det er forsvarlig. De trenger noen som kan hjelpe dem å gjenreise håpet. Der frykten prøver å kvele håpet, kan vi sammen styrke håpet og la de gode kreftene seire. Takk for at du bryr deg!

Boureima er kristen fulani. Nå har han i tre dager vært sammen med andre kristne fulanier på en samling for å støtte og styrke hverandre. Misjonen har funnet et trygt sted å møtes og dagene har gått med til samtale bønn og undervisning.

Før avreisen har Boureima fått ansvaret for tidebønnen og andakten. Han vet at de fleste reiser tilbake til en hverdag preget av stor usikkerhet grunnet trusselen fra radikale islamister i deres nærområder, det gjelder også ham selv.

De sitter på bakken på matter i en ring og Boureima har valgt å lese fortellingen om Daniels tro, om truslene han fikk, om Daniel som kastes i løvehulen, og Gud som redder ham.

Alle lytter stille til den dramatiske fortellingen, så føyer Boureima til:

Daniel i løvehulen

av Ingvald Andersen Frøyen

«Daniel var alene, og vi er veldig alene. Mange var ute etter å ta Daniel og de gjorde alvor av truslene. Mange truer oss og vi kan kjenne oss utsatt, – men la oss finne styrke i Daniels tro og Guds omsorg. Gud er den samme. Må han gis oss mot, og må han bevare oss alle!».

Ikke hvem som helst kunne lest denne teksten og sagt disse ordene med troverdighet, men Boureima er én av dem. Også

han reiser hjem til sin høygravide kone med stor uro for hva dagene og ukene fremover vil bringe. For hvordan fremtiden vil bli for dem selv og for det lille barnet de nå skal få.

Det vi **kan**, er å huske på Boureima og alle de kristne i hele Mali, i bønn. At de må bli bevart fra alt vondt, og at landet Mali må få fred og fremtid for alle.



Foto:
Illustrasjonsfoto

Hjelpe når fram!

Ofte har norsk bistand og utviklingshjelp blitt kritisert for at pengane vert sølt bort på byråkrati og at ein stør korrupsjon polititar i fattige land. Men NORAD (direktorat for utviklingshjelp) gjev også pengar til norske misjon- og hjelpeorganisasjonar. Dette er pengar som når fram på grasrota til dei fattige til akutt hjelp i naud og til langsiktig hjelp og utvikling. Norsk misjon har frå første stund drive helsearbeid, undervisning og starta med å lage skriftspråk og omsett Bibelen, så folk kunne få lese på sitt eige morsmål.

At den som skal hjelpe i til dømes Afrika, har ei gudstru med seg, er meir til hjelp enn til skade. Den religiøse dimen-

sjonen er knyta til heile kvar-dagslivet. Eit sekulær europeisk tankesett er eit framandelement i Afrika. I kampen mot til dømes kjønnslemlesting av jente-barn, kan ein gå i dialog med dei lokale imamane i Mali. Ein kan bli samd om at det ikkje er eit påbod i Bibelen og Koranen,

men noko menneske har funne på. Det er hån mot skaparen å øydelegge det Allah har skapt.

For å få stønad frå NORAD, må det ligge eigenfinansiering i botnen. Gjev vi til misjon, vært pengane dryge og norsk bistand meir effektiv!

JS



Siste nytt frå trusopplæringsstaben

Det er ei stor glede å kunne dele med kyrkjeklokkas lesarar at det sidan sist er tilsett 2 nye i trusopplæringa. Dvs. Guro Petronella A. Enerhaug kjenner vi frå før. Ho var vikar sist skuleår, men er no fast i 60% + at ho har

eit vikariat på 20%. Ho har tittel trusopplæringsmedarbeidar/ kyrkjelydsarbeidar.

Martine Bø Solbakken er det sikkert også mange som kjenner. Ho er no tilsett i 100% stilling som kyrkjelydspedagog, men

har 50 % permisjon dette skuleåret.

Vi gler oss til å jobbe vidare med trusopplæring og konfirmantarbeid saman med alle dei frivillige ute på bygdene, og resten av staben på kyrkjekontoret.



Martine Bø Solbakken, Guro Petronella A. Enerhaug og Beate Nes



Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)

Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr 100)



Grøn side Klimafakta og miljøtips
Ansvareleg for "Grøn side": Jon Ytrehorn



- Gunnar Kvåle,
professor emeritus,
Universitetet i Bergen,
styremedlem i
Besteforeldra sin
klimaaksjon

Den 28. juni skreiv 22 leiarar i kyrkje og kristenliv i Noreg ein kronikk om klima i avisa Vårt Land. Dei kjem med ein viktig bodskap om kva for radikale endringar som må til, og dei skriv mellom anna: «Som klimapilegrimar ynskjer vi å gjera oppbrot frå dei forbruksmønstra og politiske strukturane som skadar jorda».

Farlege klimaendringar

Dette er ei viktig utfordring til oss alle. Det store klimaalvoret – at vi som menneske kan vera i ferd med å øydeleggja eksistensgrunnlaget vårt – har vore kjent i mange 10-år. Dramatikken i klimaendringane gjev grunn for stor uro dersom vi ikkje greier å avgrensa global oppvarming til under to grader, slik Paris-avtala krev. Det handlar om at vi som i dag sit med politisk og personleg ansvar for ei aukande global oppvarming, no må gjera alt vi kan for å hindra at barneborna våre vil gå ei utrygg og farleg framtid i møte.

Heile Nord-Europa har nyleg opplevd ekstrem tørke og krise for landbruk og matproduksjon. Dette er truleg berre ein forsmak på det som kan skje dersom utviklinga held fram. Livsfarleg hete er ein av mange alvorlege konsekvensar for liv og helse. Ved ei global oppvarming på berre 1,5 grader kan fleire storbyar og mange hundre millionar fleire menneske bli utsett for farleg hete innan 2050.

Kristne leiarar krev effektiv klimahandling

Av Gunnar Kvåle

Tid for ny politikk: CO2 utsleppa må ned!

Klimagassutsleppa må raskt reduserast om vi skal kunna unngå store helseskader i mange deler av verda. Likevel let Noreg klimagassutsleppa få halda fram med å auka. Sidan 1990 har CO₂ -utsleppa våre gått opp med 24 prosent, medan dei i Sverige, Tyskland, Danmark og Storbritannia i same periode er redusert med høvesvis 27, 31, 45 og 53 prosent. Som dei kristne leiarane peikar på, viser berekningar at vi vil gå mot ei global oppvarming på rundt 3 gradar, dersom andre land gjer som Noreg.

Politikarar i Noreg har lenge lova store kutt i klimagassutsleppa. Til denne tid har dei brote lovnadane. Det er på høg tid at det vert sett i verk tiltak som monar. Som leiarane skriv: «Litt betre enn verst er ikkje godt nok!»

Eit kostnadseffektivt tiltak ville vera å redusera oljeproduksjonen og leggja vekk planane om ny oljeutvinning i Barentshavet. Det er ikkje mogeleg å bruka olje- og gassressursane i Arktis dersom den globale temperaturauken skal haldast under to grader. Dessutan vil desse resursane koma på marknaden fyrst om 10 - 20 år. Men då kan olje og gass ikkje lenger ha nokon viktig rolle i energisystemet i verda.

Rike land har størst ansvar

Det er oss rike som ber hovudansvaret for å gjera det vi veit er naudsynt. Dersom dei rikaste 10 prosent i verda hadde kutta klimagassutsleppa sine ned til gjennomsnittleg EU-nivå, ville globale klimagassutlepp bli redusert med rundt ein tredjedel. Dette viser kor mykje det betyr

om vi rike legg om forbruksvanene våre, slik dei kristne leiarane ber oss om.

Verdas naturfond, WWF, melder at den 1. august i år var ressursane på jorda som burde vara ut 2018 alt brukte opp. I år kom denne dagen tidligare enn nokon gong før. Dette viser at med kvart år brukar mykje meir enn jorda kan tåla. Ved ein livsstil som ikkje er berekraftig, bidreg vi til skade både for fattige som lever i dag og dei som skal ta over etter oss her heime. Vi har difor eit moralsk ansvar for å føra ein berekraftig livstil.

Nokon må gå føre

Mange har peika på kor viktig det er at nokon går føre. «Eksempelets makt» er undervurdert av dei som seier at det betyr lite kva eg som einskildperson gjer. Sitatet frå Mahatma Gandhi - "Du må vera den forandringa du vil sjå i verda" - er ei viktige påminning om kva ansvar vi har. Kanskje ein start kunne vera å avstå frå neste flytur? Vi veit at å reisa med fly er noko av det verste ein kan gjera for å auka den globale oppvarminga. For å redusera denne svært klimaskadelege reisemåten må det politisk leggjast betre til rette for at det vert billegare og meir lettvent å bruka andre reisemåtar.

Endring i eigen livsstil og arbeid for ein ny klimapolitikk må gå hand i hand.

Nokon må gå føre, anten det gjeld individuelle handlingar eller ny politikk. Slik kan vi alle bidra til eit betre liv for barneborna våre og andre som kjem etter oss. Då kan òg skadane vi påfører fattige som lever i dag bli mindre.

Jon Ytrehorn: ”Du må ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv”

Du må ikke tåle så inderlig vel den urett som ikke rammer deg selv skreiv Arnulf Øverland i diktet ”Du må ikke sove”. Bakgrunnen var kampen mot den tyske okkupasjonsmakta sist på 1930-talet. Diktaren var ein aktiv motstandsmann.

I dag er det ein annan kamp som kallar oss til handling: Kampen mot skremande klimaendringar som har ført til øydelagde avlingar, svolt, naud, død og fortvilning for våre medmenneske i materielt fattige land.

Også i vårt land har vi dette året opplevd ekstrem tørke og krise for landbruk og matproduksjon. Gunnar Kvåle som er professor ved Universitetet i Bergen manar til aktiv handling: *Å gjere oppbrot frå forbrukarmønster og politiske strukturar som skadar jorda*. Kanskje er det vi har sett i landet vårt denne sommaren berre ein forsmak på det som kan skje dersom utviklinga held

fram, skriv Kvåle. Han understrekar at rike land har eit moralsk ansvar for å føre ein berekraftig livsstil. Les gjerne om att artikkelen han har skrive spesielt for Kyrkjelokka.

Kvåle har i fleire år forska på mat og helse hos unge og vaksne i materielt fattige land. Han sit inne med rik kunnskap om emnet.

Du må ikke sove
Arnulf Øverland - 1937-

Vers 1, 2 og 9 av 18 vers

- Jeg våknet en natt av en underlig drøm,
det var som en stemme talte til mig,
fjern som en underjordisk strøm -
og jeg reiste mig op: Hvad er det du vil mig?
- Du må ikke sove! Du må ikke sove!
Du må ikke tro, at du bare har drømt!
Igår blev jeg dømt.
I natt har de reist skafottet i gården.
De henter mig klokken fem imorgen!
- Du må ikke sitte trygt i ditt hjem
og si: Det er sørgelig, stakkars dem!
Du må ikke tåle så inderlig vel
den urett som ikke rammer dig selv!
Jeg roper med siste pust av min stemme:
Du har ikke lov til å gå der og glemme!

Frimod til å takke vår Skapar!

Fleire som har vore i utviklingsland fortel at noko som har gjort inntrykk på dei er dette: Fattige born der synest å ha langt større evne til å glede seg over det enkle når dei leikar med vener og kameratar enn kva tilfelle er i vårt land. Kan grunnen vere at vi i Vesten er så opptekne av velstand og materielle ting at vi gløymer å gje rom for takksemnd mot generasjonar før oss som levde i trange kår og sleit for å sikre born og familien betre kår? I ein stressa kvardag kan det også vere lett å gløyme å takke vår Skapar og Far for alt han har gitt oss!

Då vi var små vart vi gjerne opplærte av mor og far til å be kveldsbøn: Ofte *”Kjære Gud, eg har det godt”*. Kanskje det i dag ville vere fleire som ville like å få ei *”Kveldsbøn for vaksne.”*?

Lat meg til slutt få dele ei keltisk bøn frå Lindisfarne.

Bøna fangar opp viktige emne i Gunnar Kvåle sin artikkel.

Keltisk bøn frå Lindisfarne

Herre. Vi ber for denne verda du har gitt oss,
for plantar og avling, for fe og buskap,
for alt arbeid og all byggande verksemd i verda.

Ver hos dei som korkje kan så eller hauste,
fordi menneske sin dårskap har lagt jorda øyde.
Gje oss visdom til å meistre teknologien
til beste for verda.

Støtt dei som vinn ut mineralar av jorda,
lagar tekstilar av det som jorda bringar fram,
dei som haustar på åkrane,
dei som driv med husdyrhald.

Frå boka ”Din rytme, din bønn.

Forfattar: Ray Simpson.

Forlag: Verbum 2007.

Omsett til norsk: Oskar Stein Bjørlykke.

Mennesket, det største i Guds skaparverk

(Bibelen, Salme 8)

av Jon Ytrehorn

Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske - at du hugsar på det, eit menneskebarn - at du tek deg av det?

Salme 8 (v. 4-7)

Ein salme av David

Når eg ser din himmel, eit verk av dine fingrar, månen og stjernene som du har sett der, kva er då eit menneske - at du hugsar på det, eit menneskebarn - at du tek deg av det?

Du sette han lite lågare enn Gud og krona han med herlegdom og ære. Du sette han til herre over det dine hender har skapt, alt la du under hans føter.

Du sette han lite lågare enn Gud og krona han med herlegdom og ære. Du sette han til Herre over det dine hender har skapt, alt la du under hans føter: småfe og storfe i samla flokk, dei

ville dyra på marka, fuglane under himmelen og fiskane i havet, alt som ferdast på havsens stigar. Herre, vår herre, kor herleg ditt namn er over heile jorda!

Lovsång (v 1 og 2)

Lovsyng vår Herre

Lovsyng vår Herre, den mektige kongen med ære! Herren å prise vår høgaste hugnad skal vere! Lovsångar kved, sitar og harpe kling med!

Syng for Gud Herren den kjære.

Lovsyng vår Herre som styrer med velde i nåde. Ber deg på venger som ørnen i sorger og våde! Han let deg få meir enn du sjølv kan forstå.

Herren med miskunn deg råde.

T: J. Neander, O: Bernt Støylen, M: Halle.

Lyrikk/Dikt frå

”Ingen kan stoppe soloppgangen” av Tove Houck.

Håpløshet er å kave i nattemørket utan å vite at soloppgangen nærmer seg. Ingen kan stoppe soloppgangen så lenge jorden ruller i Guds hånd.

Frå smilet sitt hjørne



Heime har vi nokre skogteigar. Veden frå desse sikrar varme i husa på kalde vinterkveldar. Skoghogst er god trim både for unge og eldre. Då skjer det i blant uventa ting. Eg hadde ei underleg oppleving for fleire år sidan. Det vart ikkje den einaste! Ein fin vinterdag med bleik januarsol og lett snø hadde eg felt fleire tre av ulike slag: bjørk, ore, rogn. Det skulle bli vinterveden neste år. Eg valde å kome tilbake neste dag og fullføre hogstarbeidet. Då eg kom

Når hjorten hjelper til med vedhogsten!

fram var det fullt av spor etter hjort rundt eitt av treslaga: rogn! Hjortar er spesielt glade i borken på rognetre, både stamme og greiner. Her hadde mange samla seg kvelden før. Dei hadde gnagd bort mesteparten av borken på fleire trestammar og greiner. Eg snudde rognestammene. Tenkte at kanskje dyra kom tilbake og fullførte verket. Og det skjedde! I fleire vintrar har eg lagt til rette for at hjort kunne hjelpe til med å ete borken på felte rognetre. Slike tre utan bork tørkar langt raskare og kan nyttast tidlegare enn andre treslag. Hjortane ser ut til å trivast med samarbeidet, det same gjer eg! Så har du ein skogsteig så vurder gjerne eit nytt samarbeid i skogen! Det gjev ei spesiell glede å ”kome nærmare” desse dyra. Dei er både vakre, trivelege og fullstendig fri for kravmentalitet!



Lukke til!

Jon

Kirkens SOS i Bjørgvin
Kong Oscars gate 62
5017 Bergen
Tlf 55 32 58 45
Mob 480 35 841
Kontonr. 3624.58.80191
www.kirkens-sos.no SOS-melding,
svar innen 24 timer
www.soschat.no SOS-chat, sjekk
nettsidene for åpningstid

I natt redda du livet mitt!

-Direkte tilbakemeldinger fra innringerne er kanskje den sterkeste motivasjonen, som for eksempel: I natt har du redda livet mitt. Men også når innringer sier at nå kjennes det lettere. Det er et paradoks at det ofte skal så lite til for å lette et medmenneske sin smerte, bare være til stede som en lytter og samtalepartner.

Odd, 66 år og frivillig i Kirkens SOS

Et oppriktig ønske om å hjelpe

Felles for de frivillige i Kirkens SOS er at de har et oppriktig ønske om å være til hjelp. De blir inspirert av å bruke fritiden sin til å være et fortrolig medmenneske. Mange opplever at det er både nyttig og fascinerende å erfare hvordan det å være en god samtalepartner kan bidra til å gi håp. I ytterste konsekvens kan en samtale redde liv. Kirkens SOS er en anonym tjeneste, de frivillige vet ikke hvem de prater med og vet ingen ting om innringer eller innskrivers bakgrunn, kun det som blir fortalt der og da.

De frivillige i Kirkens SOS er like ulike som dem som tar kontakt!

Odd, tidligere rektor og lastebil-sjåfør, Jan-Egil, performance kunstner og Per Arne, media og It-mann. Alle er frivillige i Kirkens SOS.

De frivillige i Kirkens SOS er fra mange ulike steder i landet og har

Kirkens SOS i Bjørgvin

svært ulik bakgrunn og interesser. Noen har så vidt passert 20 år og andre nærmer seg 80. Noen er studenter og ønsker å lære mer om å møte mennesker i krise, noen er i full jobb og gir likevel av sin knappe fritid til folk som sliter og andre er ressurssterke pensjonister som ønsker å dele av sin livserfaring med andre.

Den største døgnåpne krisetjenesten i landet

- Jeg trenger noe i livet mitt som er viktig og større enn meg selv. Kommer jeg fra vakt og har hatt en god samtale, så gir det mening til mitt liv.

Per Arne, 52 år og frivillig i Kirkens SOS

Hvert år besvarer Kirkens SOS nesten 200 000 henvendelser på telefon og internett, men en av tre får ikke svar. Flere frivillige trengs for å kunne fortsette det gode arbeidet og hjelpe enda flere. Kirkens SOS ønsker frivillige av begge kjønn velkomne, og håper stadig på at flere menn kunne tenke seg å bidra. Det er langt flere kvinner enn menn blant de frivillige per dags dato.

Kirkens SOS er landets største døgnåpne krisetjeneste på telefon og internett. Det er nærmere 1000 engasjerte frivillige rundt om i landet som til sammen besvarer alle henvendelser på dagtid, om natten, på hverdager og fridager. Kirkens SOS sin visjon er å gi håp til mennesker i krise og utøve Jesu nestekjærlighet i praksis. Det handler om å være et medmenneske som lytter med respekt og er en god samtalepartner når livet utfordrer. Selvmordstanker er tema i omkring 10 prosent av samtalene på telefon og hele 50 prosent av samtalene på soschat.no.

Det handler aller mest om likeverd og respekt

- Jeg hadde en sterk barnetro som varte til midten av tenårene. Siden har jeg vært søkende og kalte meg buddhist i flere år, men nå anser jeg meg mer som åpen til de store spørsmålene og tror det finnes et større bilde vi bare kan ane eller ha følelsen av. Jeg liker mangfoldet.

Jan-Egil, 37 år og frivillig i Kirkens SOS

Kirkens SOS stiller ingen spesielle krav til bakgrunn, det er viktig med stort mangfold – like stort som blant dem som tar kontakt. Noen har en sterk kristen tro og andre stiller seg mer undrende. Vi har også frivillige med andre livssyn enn det kristne. Det aller viktigste er at våre frivillige deler våre felles verdier om frivillighet, åpenhet, tilgjengelighet og anonymitet. De frivillige må også ha avstand til egne kriser og overskudd til å være en god samtalepartner for andre. Og sist, men ikke minst, er det viktig at alle i Kirkens SOS har respekt for alle typer mennesker uansett sosial eller kulturell bakgrunn, religiøs overbevisning, kjønn eller seksuell legning.

Noe for deg?

Er du nysgjerrig eller ønsker å vite mer om hvordan det er å være frivillig i Kirkens SOS? Ta gjerne kontakt med ditt lokale SOS-senter. Vi er til stede i Trøndelag, Troms, Møre og Romsdal, Rogaland, Agder, Vestfold, Østfold, Telemark, Hedmark og Oppland, Hordaland og Oslo. Ta en titt på våre nettsider <https://www.kirkens-sos.no/om-kirkens-sos/lokale-sentre> og ta gjerne kontakt.

Årlig besvarer vi omkring 200 000 henvendelser, likevel er det en av tre som ikke får svar.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?

Å være en for andre gir livet mening.



KIRKENS
SOS

kirkens-sos.no

Min salme

av Linda Gytri



Takk!

Takk, min Gud, for tider svundne.
Takk for alt hvad du beskjer`.
Takk for seire som er vundne.
Takk for stund som inne er.
Takk for varme, lyse vårer.
Takk for mørk og stormfuld høst.
Takk for lengst forglemte tårer.
Takk for fred og takk for trøst!

Takk for hvad du åpenbarte.
Takk for hvad jeg ei forstår.
Takk for bønn som du besvarte.
Takk for hvad jeg ikke får.
Takk for livets dunkle gåde.
Takk for hjelp i nødens stund.
Takk for fri og bunnløs nåde.
Takk for blodets fredsforbund.

Takk for himmel blå i livet.
Takk for skyene derpå.
Takk for sollys av dig givet.
Takk for mørket likeså.
Takk for prøvelser og strider.
Takk for håp opfylt så godt.
Takk for dagen som fremskrider.
Takk for håp som feil har slått.

Takk for rosene ved veien.
Takk for tornene blandt dem!
Takk for åpen himmelstige.
Takk for evig trygghet hjem.
Takk for kors og takk for smerte.
Takk for himmelsk salighet.
Takk for hvilen ved ditt hjerte.
Takk for *alt* i evighet!



August Storm/ Frelsesarmeens forlag

Då eg skulle velge meg ut ei salme, tenkte eg straks på "Takk!" av August Storm. Eg hørde denne for første gong i ei gravferd i Olden for eit par år sidan, og teksten traff meg med ein gong. Når ein ser den trykt er det også noko med det visuelle i form av at kvar einaste stofe byrjar med "Takk" som gjer at eg likar den.

Det å vere takksam, og å gje uttrykk for det, trur eg er ein viktig nøkkel her i livet. Bestemor mi, Agnes, fyllte 100 år tidlegare i år, og kvar gong vi er på besøk med ho fortel ho om alt ho er takksam for. Ho er takksam for å bu på ein god aldersheim, takksam for å få besøk og takksam for om vi tek med noko så lite som blåbær eller berre ei øskje halsdrops. Det er ei grunnleggande holdning ho har, og ho vel å fokusere på det ho er takksam for.

I denne salmen blir det også takka for dei vonde og vanskeleg stundene. Det er sjeldan enkelt å vere takksam for motvindane ein møter i livet, i alle fall når ein står midt oppi det. Mor mi pleide å sei at ein måtte sette sjøbein og ta det som kom, og slik er det jo ofte. Så viser det seg at når ein får stormkasta litt på avstand, så kan det kanskje kome noko godt ut av det. Ikkje alltid, men nokon gongar.

På nattbordet har eg ei knall rosa notisbok der eg av og til noterar ned det eg sjølv er takksam for. Livet svingar for oss alle, og det kan vere godt å minne seg sjølv på det gode vi har. Når alt kjem til alt, er vi vel i grunnen født med vinnarloddet i handa her på vårt vesle verds-hjørne.

På solskinsdagar er skriveflyten stor, og det er lett å fylle boka med små punkt om takksemd. På litt meir overskya dagar kan det vere verre å leite fram nokre punkt, men desto viktigare å finne dei og fokusere på dei. Og skulle det vere heilt overskya, så er det fint å lese gjenom boka som ei fin påminning, og minne seg sjølv på at etter regn kjem sol. Det er eg takksam for!

Eg sender utfordringa vidare til
Solveig Aaberg

Oddny under open himmel

~
Av
Oddny
Torheim
~



Det livsviktige

Då den kjende presten og skribenten Arne Prøys skulle ordinerast til prest, arbeidde han mykje med ordinasjonspreika si. Nokre dagar før ordinasjonsdagen ville han prøvepreike talen for bestemora si som han hadde stor tillit til i åndelege spørsmål. Bestemora sat i ein god stol, og han stod framfor og heldt heile preika for henne. Han la merke til at der rann tårer frå bestemora sine auge. Han trudde ho vart gripen, og han gledde seg over det.

Då prøvepreika var ferdig, venta han på å høyre nokre gode ord frå bestemora.

Ho tok opp ein lommeduk og tørka tårane, og så sa ho med låg røyst: *“Men kjære Arne, den manglet jo Jesus.”*

Preika var sikkert vel formulert og interessant, men ho mangla det viktigaste av alt: Jesus. Denne opplevinga kom til å forme forkyninga til Arne Prøys vidare.

For ikkje å gløyme det viktigaste tek eg med tre viktige vers som du må tenkje over.

I Joh 14.6 seier Jesus: *“Eg er*

vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.”

Joh 3. 16 vert kalla den vesle Bibelen og er ein sum av heile frelseres historia. *“For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv”*

I Joh. 3.36 finn vi ei stadfesting. *“Den som trur på Sonen, har evig liv.”* Kan det seiast kortare og enklare?

Ein høgt utdanna person spurde: *“Kvifor har ingen fortalt meg om “innsida” av kristen tru, berre om “utsida?”* Dette spørsmålet gav meg tankar.

Det “ytre” kan alle sjå, og det trengst ikkje forteljast så mykje om. Det “indre” er sjølv innhaldet i trua. Det er skrive mykje om det, men vi fortel vel for lite om det personleg. Det trengst mange ord for å fortelje om det, men eg nemner nokre kjerneord.

Syndsforlding

Sæle er dei som får sine brot tilgjevne. Jesus sin død er vår forsoning.

Gud gjev von, glede og fred.

Bønerett

Legg alt de har å be om, fram for Gud i bøn, påkalling og takkseing.

Tryggleik

Kast all dykkar uro på han, for han har omsorg for dykk.

Barnekår

Sjå kor stor kjærleik Far har synt oss: Vi får kallast Guds born -ja ,vi er det!

Von om ein himmel

Guds nådegåve er evig liv i Kristus Jesus vår Herre.

Det kan vere vanskeleg å vende seg til Jesus som ikkje er til stades i kjøt og blod. Men prøv! Samtal med han, les om han, høyr om han eller syng om han!

Bøn

Ransak meg, Gud, kjenn mitt hjarte, prøv meg og kjenn mine tankar! sjå om eg følgjer avgudsvegen, og lei meg på den evige vegen!

Amen!

Salme 139.23

Takk frå Nedstryn sokneråd

Takk til dei som svarte på spørjeundersøkinga vi gjennomførte tidleg på sommaren. Vi fekk inn 76 svar, og sidan vi leverte ut 1100 skjema, så ser de at svarprosenten var låg. Det er dermed vanskeleg å trekkje konklusjonar, men dei som svarte

gav i alle fall uttrykk for at dei set pris på kyrkja, fyrst og fremst som ein kulturinstitusjon og dessutan som seremonimeister. Det ser ikkje ut til at innhaldet i gudstenestene spelar så stor rolle. Dette gir oss ein viss peikepinn for arbeidet framover.





Vi les

Bibel saman!

Bibelen er ein skatt! Bibelens historier har gjennom alle tider betydd mykje for folk, og vi trur dei framleis gjer det. Med utgangspunkt i trusopplæringsplanen vil vi i tida framover presentere nokre av dei kjende bibelhistoriene her i Kyrkjeklokka. Tanken er at dette skal vere ei historie som de kan lese saman heime, for barn, barnebarn, fadderbarn eller kanskje eit nabobarn. Lykke til med å oppdage bibelhistoriene saman! Kanskje passar det å tenne eit lys før du startar å lese historia.

Jesus og borna

Frå alle kantar kom det små gutar og jenter som hoppa og spratt nedover vegen. Det kom mødre også, nokre av dei kom berande på babyane sine. Dei var så glade, for dei skulle møte Jesus.

Men då dei kom dit Jesus var, vart dei møtt av venene til Jesus,

som bad dei om å gå igjen. Jesus er for opptatt til å snakke med små born sa dei!

Men heldigvis hørde Jesus det dei sa. Han vart sint og sa: La barna koma til meg. Hindra dei ikkje! Dei hører til her hos meg. Jesus tok seg god tid saman med barna. Han snakka med dei, lot

dei sitte i fanget, han fortalte dei at dei var elska og at han var glad i dei!


Til dei vaksne sa han: Guds Rike hører slike til. Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.

Attforteljing av Mark 10, 13-16





Slekt
skal følge
slekters
gang



Frå kyrkjebøkene

Innvik prestegjeld, Hornindal prestegjeld, Stryn prestegjeld

Nedstryn

Døpte

10/6 *Liam Mar Nieli Vatne*.
For. Valentina Nieli og Håvard Vatne
10/6 *Henrik Skåre Kristiansen*. For.
Lene Kristin Skåre Vilhelmsen og Jens
Kristiansen
15/7 *Andrea Olsen*. For. Heidi
Kjersheim Olsen og Geir Olav Olsen

Vigde

26/5 Tomine Marie Giskemo
Vassbotn og Terje Aahjem
20/7 Monica Sagebø-Kolseth og Dan
Christopher Hunvik

Døde

8/7 Margit Nora Gjørven f. 1932
11/7 Bjørg Solveig Farnes f. 1939
16/7 Menny Glomnes f. 1923
24/7 Magnhild Tjensvold f. 1926
31/7 Jens Valaker f. 1947
7/8 Vera Sandbakk f. 1955

Loen

Døpte

24/6 *Ian Leikanger Loen*. Elisabeth
Leikanger og Magnus Loen.
Døpt på Helset
14/7 *Ane Ytre-Eide Hage*. For. Grete
Sandnes Ytre-Eide og Lars Erik Hage
14/7 *Bjørnar Andersen Myren*. For.
Birgitte Solheim Andersen og Pål
Henning Myren
29/7 *Madelen Eide Selbæk*. For. Lillian
Eide og Espen Selbæk.
Døpt på Hoven
29/7 *Henrik Lossius By*. For. Heidi
Lossius By og Oddbjørn Vegard By.
Døpt på Hoven
29/7 *Klara Kjøde Kandal*. For.
Beate Karin Kjøde og Stig Ove Kandal.
Døpt på Hoven

Vigde

16/6 Elisabeth Elliott og Leif Birger
Midtgård
28/7 Stine Larsen og Bård Olav Myren
4/8 Anette Sæten og Thor Morten
Hauglum Eide

Døde

12/5 Markus Loen f. 1934
13/5 Margrethe Støylen Solheim f. 1955
20/5 Aage Lunde f. 1939

Oppstryn

Døpte

14/7 *Sebastian Neira Andersen Flo*.
For. Maria Alejandra Neira Gutierrez
og Lars-Vegard Andersen Flo

Vigde

2/6 Trine Erdal og Knut-Ola Gjervold
Lunde
23/6 Johanna Røst Wehinger og Odd
Kristian Hagen
11/8 Siri Folven og Birger Håkon
Bendiksen Bull
18/8 Gudrun Sætre Bergset og Lasse
Hjelle

Døde

26/4 Aslaug Flo f. 1931 (*Retting*)

Olden

Døpte

29/7 *Madelen Muri*, for.: Alexander
Hopland og Ingvild Muri.
29/7 *Elisa Muri*, for.: Endre Muri og
Anita Muri.
29/7 *Elida Linnea Lyslo Kvamme*, for.:
Jørn Andre Kvamme og Anne Lyslo.
22/8 *June Kroken Sunde*, for.: Jim
Aksel Sunde og Elise Kroken.

Vigde

9/6 Jo Arve Alfredsen og Chaccara
Margarita Pareia.
16/6 Daniel Brynestad og Anette
Øiestad Sunde
14/7 John Monar Osvik og Toril
Skåre. (Vigd på Yrineset)
21/7 Roger Viem og Sissel Reidun
Endal Skarstein.

Døde

5/7 Kari M. Skarstein, f. 1934.
20/8 Roald Sunde, f. 1931.

Utvik

Døpte

24/6 *Inga Lena Lyslo*, for.: Asle Lyslo
og Marjorie Lyslo.

Vigde

26/5 Carl Wilhelm Hage og Therese
Lund.

Døde

7/8 Arne P. Berge, f. 1928.
13/8 Anna Hestenes, f. 1928.
13/8 Marie Loen, f. 1936.

Innvik

Vigde

4/8 Petter Skolla og Karoline Paulen

Døde

1/6 Atle Skåden, f. 1941.
9/6 Odd Drageset, f. 1934.
20/6 Bjarne Jonsson, f. 1930.

Randabygd

Vigde

16/6 Vibeke Rand og Stig Ove Nesbakk

Nordsida

Døpte

17/6 *Valentina Antonia Aguilera
Gald*. For. Ana Alicia Aguilera Araya
og Isak Gald
19/8 *Håkon Bøe*. For. Silje Bakken og
Vegar Sætren Bøe

Døde

26/7 Aslaug Skaar f. 1922
16/8 Lillian Nygård f. 1942

Hornindal

Døpte

24/6 *Chrisander Saltkjel Sætren*. For.
Anita Saltkjel og Rasmus Olav Sætren

Døde:

11/5 Synneve Ommedal f. 1924
1/6 Olga Tomasgard f. 1916
14/6 Solveig Oline Støverstein f. 1930
1/8 Ivar I. Seljeset f. 1925



Søndag er kyrkjedag

Gudstenester i Indre Nordfjord

Vi gjer merksam på at det kan verte endringar, nattverd og offer er ikkje med, så følg med i avisa "Fjordingen".

Om det ikkje er gudsteneste i di kyrkje, er du velkommen i nabokyrkja.

16. september

17. s i treeiningstida – Luk 7, 11-17
 - **Nedstryn 11:00** Gudsteneste.
 Ved Henny Koppen
 - **Olden 11:00** Gudsteneste.
 Ved Harald Runde
 - **Randabygd 11:00**
 Gudsteneste med presentasjon
 av dei nye konfirmanthane.
 Ved Hege Høibye.

23. september

18. s i treeiningstida – Matt 8, 5-13
 - **Bombeneset, Oppstryn 11:00**
 Hausttakkefest med utdeling av
 4 årsbok. Ved Henny Koppen.
 - **Utvik 11:00** Gudsteneste med
 presentasjon av dei nye konfir-
 mantane. Ved Harald Runde.
 - **Loen 18:00** Salmekveld.
 Ved Henny Koppen

29. september; laurdag

- **Nedstryn 15:00** Sjørøvarfest
 for alle 4 åringane

30. september

19. s i treeiningstida – Joh 7, 14-17
 - **Nedstryn 11:00** Hausttakke-
 fest med utdeling av 4 årsbok.
 Ved Henny Koppen
 - **Hornindal 11:00** Hausttakke-
 fest med utdeling av 4 årsbok.
 Ved Hege Høibye

07. oktober

20. s i treeiningstida – Mark 10, 2-9
 - **Innvik 11:00** Gudsteneste.
 Ved Harald Runde
 - **Nordsida 11:00** Hausttakke-
 fest med utdeling av 4 årsbok.
 Ved Hege Høibye

14. oktober

21. s i treeiningstida – Lik 16, 19-31
 - **Loen 11:00** Hausttakkefest
 med utdeling av 4 årsbok.
 Ved Henny Koppen
 - **Olden 11:00** Hausttakkefest
 med utdeling av 4 årsbok.
 Ved Harald Runde.
 - **Randabygd 11:00** Hausttak-
 kefest med utdeling av 4 årsbok.
 Ved Hege Høibye.
 - **Nedstryn 19:00** Kveldsgudste-
 neste. Ved Henny Koppen

21. oktober

22. s i treeiningstida – Joh 12, 35-36
 - **Oppstryn 11:00** Gudsteneste.
 Ved Henny Koppen

28. oktober

Bots- og bønnedag – Luk 8, 9-14
 - **Utvik 11:00** Hausttakkefest
 med utdeling av 4 årsbok. Ved
 Harald Runde. Sjørøvarfest etter
 gudstenesta
 - **Hornindal 11:00** Gudsteneste.
 Ved Hege Høibye
 - **Ljosheim 16:00** Hausttakkefest
 med utdeling av 4 årsbok. Ved
 Harald Runde

04. november

Helgemessesøndag – Matt 5, 13-16
 - **Nedstryn 11:00** Helgemesse.
 Minnedag. Ved Henny Koppen
 - **Innvik 11:00** Hausttakkefest
 med utdeling av 4 årsbok. Ved
 Harald Runde
 - **Nordsida 15:00** Helgemesse.
 Minnedag. Ved Hege Høibye.
For Nordsida og Randabygd
 - **Hornindal 20:00** Helgemesse.
 Minnedag. Ved Hege Høibye

11. november

25. s i treeiningstida – Matt 14, 22-34
 - **Loen 11:00** Gudsteneste.
 Ved Henny Koppen
 - **Olden 11:00** Gudsteneste.
 Ved Harald Runde

18. november

26. s i treeiningstida – Joh 9, 1-7.
 35b-38
 - **Nedstryn 11:00** Gudsteneste.
 Ved Henny Koppen
 - **Randabygd 11:00** Gudsteneste
 Ved Hege Høibye
 - **Omsorgsenteret, Hornindal**
16:00 Gudsteneste. Ved Hege
 Høibye

25. november

Domssøndag / Kristi kongedag –
Matt 25, 1-13
 - **Oppstryn 11:00** Gudsteneste.
 Ved Henny Koppen
 - **Innvik 11:00** Gudsteneste.
 Ved Harald Runde
 - **Nordsida 11:00** Gudsteneste.
 Ved Hege Høibye

02. desember

1. s i advent – Matt 21, 10-17
 - **Nedstryn 11:00** LysVakengud-
 steneste med utdeling av Bibel.
 Ved Henny Koppen
 - **Utvik 11:00** LysVakengud-
 steneste med utdeling av Bibel.
 Ved Harald Runde
 - **Hornindal 11:00** LysVaken-
 gudsteneste med utdeling av
 Bibel. Ved Hege Høibye
 - **Olden 16:00** Gudsteneste.
 Ved Harald Runde

09. desember

2. s i advent – Joh 16, 21-24

- Oppstryn 11:00 Lys Vaken-
gudsteneste med utdeling av
Bibel

- Loen 11:00 Gudsteneste.

Ved Henny Koppen

- Grendahuset, Randabygd

12:00 Gudsteneste og basar.

Ved Hege Høybye

16. desember

3. s i adventstida – Joh 5, 31-36

- Ljosheim, Oldedalen 11:00

Førjulsgudsteneste. Ved Harald
Runde

- Olden 14:00 Julekonsert / vi

syng jula inn

- Utvik 16:00 Julekonsert / vi

syng jula inn

- Innvik 18:00 Julekonsert / vi

syng jula inn

- Nordsida Julekonsert

- Hornindal Julekonsert *Evt kollekt*

- Nedstryn 20:00 Julekonsert

24. desember Julafta

– Luk 2, 1-20

- Loen 13:00 Julegudsteneste.

Ved Henny Koppen

- Randabygd 13:00 Julegudste-

neneste. Ved Hege Høybye

- Olden 14:00 Julegudsteneste.

Ved Harald Runde

- Nordsida 15:00 Julegudstene-

ste. Ved Hege Høybye

- Innvik 16:00 Julegudsteneste.

Ved Harald Runde

- Utvik 16:00 Julegudsteneste.

Lek gudstenesteleiar

- Nedstryn 16:15 Julegudstene-

ste. Ved Henny Koppen

25. desember Juledag

– Joh 1, 1-14

- Nedstryn 08:00 Høgtidsgud-
steneste. Ved Henny Koppen

- Olden 12:00 Høgtidsgudstene-

ste. Ved Harald Runde

- Hornindal 12:00 Høgtidsgud-

steneste. Ved Hege Høybye

- Oppstryn 13:00 Høgtidsgud-

steneste. Ved Henny Koppen

26. desember 2. juledag

– Joh 16, 1- 4a

- Misjonsheimen, Innvik 11:00

Høgtidsgudsteneste. Ved Harald

Runde

31. desember Nyårsafta

– Matt 11, 25-30

- Hornindal 15:00 Nyårgudste-

neneste. Ved Hege Høybye

Treng du kyrkjeskyss?

Soknerådet i Nedstryn

vil organisere skyss

for dei som treng det.

Dersom du vil vere

med på denne

ordninga kan du ringe

til Henny Koppen

916 01 630 eller Svein

Rønne 404 17 268.

KAFFEKROKEN



B Informasjon/ Full distribusjon

Returadresse: Rindane, 6788 Olden



*”Den fyrste song eg høyra fekk,
var mor sin song ved vogga.
Dei gode ord til hjarta gjekk.
Dei kunne gråten stogga.”*

Babysong

Kva?

No startar vi opp igjen med babysong! På babysong får du lære og friske opp att kjende barnesongar, rim og regler, kveldsbøner, barnesalmar, voggelieder m.m. Vi syng, leikar, lyttar til musikk, les i barnebøker og pratar med kvarandre. På babysong kan de bli kjende med andre familiar i same livssituasjon. Babysong er ein del av kyrkja sitt arbeid med trusopplæringa i Stryn.

Etterpå er det tilbod om å vere igjen for ein prat slik at vi kan bli litt meir kjende med kvarandre. Ta gjerne med niste til både små og store. Vi stiller med varm/kald drikke, og av og til vil vi servere noko å bite i.

Vel møtt!

Vi gleder oss til å treffe nettopp deg og babyen din!

Kven?

Babysong er eit tilbod på dagtid for mødre/fedre/besteforeldre som er heime med born i alderen 0-1 år (og opp mot 2 år). *Babysong er eit tilbod til alle born i denne aldersgruppa som bur i heile Hornindal kommune og heile Stryn kommune.*

Ta med

- Eit pledd e.l. som barnet ditt kan ligge på (oppå madrass)
- Kr 50 - Ei deltakar-avgift som betalast ein gong i halvåret. Dette inkluderer m.a. songheftet
- Litt niste, om du vil ete i lag med oss etterpå

Tid og stad

*Tre tysdagar i månaden
klokka 11 30 - 12 30*

Betania i Stryn sentrum

Følg med på gruppa **Stryn Babysong** på Facebook for oppdatert informasjon.

Lik gjerne facebooksidene våre
Stryn Babysong og Kyrkja i indre Nordjord



DEN NORSKE KYRKJA
Stryn kyrkjelege fellestråd

*Beste helsing frå
Martine Bø Solbakken
Kyrkjelydspedagog*

Neste nummer får du i posten rundt 28. november. Redaktør vert Olav R. Faleide.
Vi tek svært gjerne i mot stoff på e-post til: post@kyrkjeklokka.no innan 26. oktober.